



DET KONGELEGE
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT

Kupekraft SUS
v/Leon Årdal
6843 SKEI I JØLSTER

Dykkar ref

Vår ref
16/695-

Dato
20. mars 2018

Kupekraft kraftverk i Jølster kommune i Sogn og Fjordane fylke

I brev av 08.01.2015 og 23.01.2015 klagar Sunnfjord Energi AS, på vegne av Kupekraft SUS, på Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) sitt avslag av 19.12.2014 på søknad om løyve til bygging av Kupekraft kraftverk.

NVE har vurdert klaga i brev til departementet av 27.02.2015, og har ikkje funne grunnlag for å gjere om vedtaket sitt.

1. BAKGRUNN

I søknad av 10.01.2014 søkte Kupekraft SUS om løyve til å byggje Kupekraft kraftverk i Årdalselva i Jølster kommune.

Det er søkt om å nytte eit fall på 438 meter mellom Stegsvatnet på kote 778 og dalbotnen i Årdalen på kote 340. Kraftverket er planlagd med installert effekt på 7,5 MW. Det er planlagd slepp av minstevassføring på 52 l/s heile året. Tiltaket vil gi ein årleg produksjon på om lag 30 GWh.

I søknaden er det utgreia to alternative inntak. Det eine alternativet inneber inntak i Stegsvatn og ein terskel i det eksisterande utløpet av vatnet. Det andre alternativet inneber inntaksdam i

Postadresse

postmottak@oed.dep.no

Kontoradresse
Akersgata 59

<http://www.oed.dep.no/>

Telefon*
22 24 90 90
Org no.
977 161 630

Sakshandsamar
Per Harald Sønstelid

elva 150 meter nedstrøms utløpet av Stegsvatn. Damtoppen vil ligge på høgde med normalt høgste naturlege vasstand i Stegsvatnet. Begge alternativ opnar for regulering av Stegsvatn innanfor naturleg vasstand mellom LRV på kote 777,6 og HRV på kote 778,4.

Vassvegen er planlagd i nedgrave røyrgate på vestsida av Årdalselva. Det er og utgreia eit alternativ med tunnel i øvre del.

Jølster kommune er positive til tiltaket, men meiner det må sleppast minstevassføring som tek vare på biologisk mangfald og landskapsverdien til elva. Kommunen meiner inngrepet bør skje skånsamt og tilpassast terrenget. **Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (FM)** meiner tiltaket er akseptabelt, men rår frå regulering av Stegsvatn og meiner det bør settas krav til tunnel på deler av strekninga og slepp av meir minstevassføring. **Sogn og Fjordane fylkeskommune** meiner og det må settast krav om tunnel og auka minstevassføring. **Naustdal-Gjengedal verneområdestyre** er nøytrale, men peikar på at inntak i Stegsvatn treng dispensasjon. **Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane** er imot tiltaket, og peikar mellom anna på at nedre del av vassdraget er bygd ut. **Sogn og Fjordane Turlag** aksepterer tiltaket dersom det ikkje inkluderer regulering av Stegsvatn. **Villreinnemda** er nøytrale i saken og foreslår avbøtande tiltak i anleggsfasen.

NVE avslo søknaden ved vedtak av 19.12.2014. NVE legger særleg vekt på tiltaket sine verknader for landskap og friluftsliv.

2. KLAGA

I brev datert 08.01.2015 og 23.01.2015 klagar Sunnfjord Energi AS på NVE sitt avslag.

Klager peikar på at verneplanen for Naustdal-Gjengedal ikkje er til hinder for ei utbygging av Stegsvatn mot Jølster, og at fleire viktige høyringspartar aksepterer tiltaket. Klager peikar på at prosjektet er stort i høve til andre småkraftprosjekt. Klager opnar for eit alternativ med nedgrave røyrgate opp til kote 600 og deretter tunnel frå Såtehaugen til utløpet av Stegsvatn. Det vil då ikkje skje inngrep på austsida av elva der turstien går, og øvre del av vassvegen vil bli lite synleg.

3. DEPARTEMENTET SINE MERKNADAR

Løyve til ei utbygging kan gis dersom *"fordelene ved tiltaket overstiger skader og ulemper for allmenne og private interesser"*, jf. vassressurslova § 25 fyrste ledd. Dette blir vurdert konkret for kvart enkelt prosjekt. Departementet vil drøfte dei merknadene frå klagen som er naudsynete for å grunngje avgjerda. Departementet kan og ta omsyn til tilhøve som ikkje er tatt opp i klaga.

Olje- og energidepartementet (OED) synfór tiltaksområdet saman med Klima- og miljødepartementet den 6. juli. 2016. På synfaringa deltok grunneigarar og representantar frå

Sunnfjord Energi AS, Jølster kommune, Sogn og Fjordane turlag, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Naustdal- Gjengedal verneområdestyre.

Samla belastning

NVE har handsama Kupekraft kraftverk saman med Helgheim-, Paulen-, Neselva II-, Øvrebø-, Driva- og Åmot kraftverk i Jølster og Gloppen kommunar. NVE har gitt løyve til Helgheim og Øvrebø kraftverk. Fleire høyringspartar peikar på at mange vassdrag i regionen allereie er bygd ut. I den konkrete vurderinga av Kupekraft kraftverk har NVE ikkje lagt vesentleg vekt på tiltaket sine verknader for samla belastning i regionen. Departementet deler NVE si vurdering.

Landskap og friluftsliv

Dei mest sentrale ulempene ved tiltaket er etter departementet si vurdering verknader for landskap og friluftsliv som følgje av fysiske inngrep i øvre del av tiltaksområdet, redusert vassføring i Årdalselva og regulering av Stegsvatn.

NVE har lagt stor vekt på at inngrep knytte til inntak og røyrgate i øvre og midtre del vil gi godt synlige og varige sår i eit høgfjellsprega område. NVE meiner alternativet med nedgrave røyrgate i nedre del og tunnel i øvre del vil gi det mest skånsamme inngrepet, men at og denne løysninga vil gi store negative verknader for landskapet. Tiltakshavar er ueinig i NVE si vurdering.

Etter synfaring vurderer OED at vassveg på vestsida av elva, med nedgrave røyrgate i nedre del og tunnel i øvre del, vil gi akseptable verknader for landskap og friluftsliv. Departementet legg då til grunn at røyrgata må krysse elva "bak" Såtehaugen og at riggområde/påhugg og massedeponi plasserast mest mogleg ute av sikt frå turstien. Tunnel mellom Såtehaugen og inntak bør fortrinnsvis borast i ei etappe. Endeleg opplegg for boring kan avklarast med NVE som del av detaljplangodkjenninga. Av omsyn til landskap og villrein må inntaket byggjast vegløst frå tunnelpåhugget/Såtehaugen.

Sogn og Fjordane turlag peikar på at turstien på austsida av elva og vidare langs Stegsvatn er den mest brukte ruta til Longevasshytta og den viktigaste inngangsporten til Naustdal- Gjengedal landskapsvernområde. Sogn og Fjordane Turlag er sterkt imot regulering av Stegsvatn fordi det ifølgje turlaget vil føre til at isen går tidlegare opp som følgje av meir overvatn og meir oppsprukken is langs land. Dette vil auke risikoen for turgåarar som vil prøve å gå langs den då snødekte og rasutsette stien på austsida av Stegsvatn. Turlaget er villige til å akseptere ei utbygging dersom tiltaket ikkje påverkar vasstanden i Stegsvatnet. Tiltakshavar og fleire høyringspartar meiner inntaket bør plasserast nedstrøms utløpet av Stegsvatn dersom Stegsvatn ikkje skal regulast.

Tiltakshavar meiner det er mest skånsamt å plassere inntak direkte i Stegsvatnet og etablere ein lav terskel der vasspegelen i dag bryt ut i vatnet. Tiltakshavar peikar på at det ikkje er søkt om reguleringskonsesjon etter vassdragsreguleringsloven (<500 naturhestekrafter), og at det er lagt opp til ein "ikkje-aktiv" regulering innanfor den naturlege årsvariasjonen i Stegsvatn. Tiltakshavar meiner reguleringa ikkje gir auka press på isen eller meir overvatn om våren.

NVE meiner regulering av Stegsvatn vil ha negative verknader for landskapet. NVE meiner det er usikkert i kva grad reguleringa vil gi trygging, men meiner den potensielle faren for turgåarar bør tilleggast vekt i ei vurdering av om regulering bør inngå i eit løyve. NVE meiner og at landskapsvernet og ein registrert naturtype med A-verdi (kalkrike områder) ved Stegsvatn talar imot regulering.

Reguleringa av Stegsvatn utgjer ifølgje søknaden 2,6 GWh/år. Departementet meiner fråsegna frå Sogn og Fjordane Turlag og FM og NVE sin vurdering må tilleggast vekt. Departementet vurderer at regulering av Stegsvatn gir større ulemper enn fordelar og ikkje kan inngå i eit løyve. Departementet meiner inntak eit kort stykke nedstrøms utløpet av Stegsvatn er akseptabelt, men at endeleg utforming og plassering av inntak kan avklarast med NVE som del av detaljplangodkjenninga.

Det er søkt om slepp av minstevassføring på 52 l/s, tilsvarende alminneleg lågvassføring, heile året. Fleire av høyringspartane meiner det bør sleppast meir minstevassføring av omsyn til biologisk mangfald og Årdalselva sin verdi som landskapselement. Særleg av omsyn til landskap og friluftsliv meiner departementet at det må sleppast minstevassføring tilsvarende 5-persentilverdiane på 464 l/s i perioden 1/5-30/9 og 85 l/s i perioden 1/10-30/4. Eit slikt krav vil i følgje søknaden redusere produksjonen med 4 GWh/år.

Andre forhold

Departementet deler NVE si vurdering av at tiltaket ikkje kjem i konflikt med naturmangfaldlova. Departementet deler og NVE si vurdering om at anleggsfasen må tilpassast villrein. Tilpassing av anleggsfasen kan avklarast som del av detaljplangodkjenninga.

Prissette verknader

Lønnsemd er sentralt i departementet si vurdering av tiltaket sine fordelar for samfunnet. Departementet har rekna på noverdien til Kupekraft kraftverk for å få eit grovt billete av lønnsemda. Utrekninga er basert på kostnadstall og forventet produksjon frå søknaden, og tal frå NVE på typiske driftskostnader, avkastningskrav, forventet elsertifikatpris og tre ulike baner (låg/basis/høg) for straumprisen fram mot 2030.

Med avbøtande tiltak (ikkje regulering, tunnel og minstevassføring) vil produksjonen bli redusert frå om lag 30,5 GWh til 24 GWh og investeringskostnaden auke med om lag 14 mill. kroner. Tiltaket vil etter departementet si utrekning då få ein negativ nettonoverdi med låg straumpris, marginalt negativ nettonoverdi med basis straumpris, og ein klart positiv nettonoverdi med høg straumpris. Med avbøtande tiltak er ulempene ved Kupekraft kraftverk så små at departementet meiner det kan vere opp til tiltakshavar å vurdere økonomien i prosjektet.

4. DEPARTEMENTET SITT VEDTAK

Departementet vurderer at tiltaket under visse føresetnader vil gi større fordelar enn ulemper for private og allmenne interesser, jf. vassressurslova § 25.

Det gis konsesjon til bygging og drift av Kupekraft kraftverk på nærare fastsette vilkår.

Dette vedtaket kan ikkje påklagast, jf. forvaltningslova § 28, tredje ledd, fyrste punktum.

5. DEPARTEMENTET SINE KOMMENTARAR TIL VILKÅR OG ANDRE FORHOLD

Forholdet til anna lovverk

Forholdet til energilova

Kraftstasjonen er planlagt mellom Svartestøylen og Legestøylen på vestsida av elva, om lag på kote 340. Frå kraftstasjonen vil det etter planen bli lagt jordkabel langs eksisterande veg ned til Dalavatnet, så sjøkabel gjennom Dalavatnet og deretter luftspenn til eksisterande 22 kV linje om lag 1 km frå Jølstravatnet. Tilknyttinga er på totalt 5 km. Eventuelt vil tiltakshavar i samarbeid med Sunnfjord Energi Nett ta krafta over Jølstravatnet i sjøkabel og jordkabel mot Myklebust trafostasjon.

Sunnfjord Energi AS er områdekonsesjonær og skal ifølgje søknaden stå for bygging og drift av nettilknyttingen. Dersom dette blir gjort, er det ikkje naudsynt med ein eigen anleggsconsesjon etter energilova for høgspennetilknytting til 22 kv. nett. Etter vilkår i områdekonsesjonen skal områdekonsesjonær leggje fram planar for ny nettilknytting og eventuell forsterkning for kommune, fylkesmann, grunneigarar og andre involverte for fråsegn. Ved usemje om løysingar kan områdekonsesjonær leggje saka fram for NVE som då vil handsame saka som ein anleggsconsesjon.

Verknadane av tilknytingslinja inngår i departementet si heilskapsvurdering av planane, og er ikkje avgjerande for konsesjonsvedtaket. Departementet har ikkje gjort ein grundig vurdering av kapasiteten i nettet. Tiltakshavar er sjølv ansvarleg for at avtale om nettilknytting er på plass før byggestart. NVE vil ikkje handsame detaljplanar før tiltakshavar har dokumentert at det er tilgjengeleg kapasitet og at kostnadsfordelinga er avklart. Slik dokumentasjon må føreligge samtidig med innsending av detaljplanar for godkjenning, jamfør konsesjonsvilkåra post 4.

Forholdet til plan- og bygningslova

”Forskrift om saksbehandling og kontroll i byggesaker” gir saker som er underlagt konsesjonshandsaming etter vassressurslova fritak for byggesakshandsaming etter plan- og bygningslova. Dette føresett at tiltaket ikkje er i strid med kommuneplanen sin arealdel eller gjeldande reguleringsplanar. Forholdet til plan- og bygningslova må avklarast med kommunen før tiltaket kan settast i verk.

Forholdet til forureiningslova

Det må søkjast til Fylkesmannen om naudsynt avklaring etter forureiningslova i anleggs- og driftsfasen. Departementet har ikkje myndigheit til å gi vilkår etter forureiningslova.

Forholdet til vassforskrifta

Etter vassforskrifta § 12 kan nye fysiske inngrep gjennomførast i ein vassførekomst sjølv om miljøtilstanden svekkast dersom:

”...

- *alle praktisk gjennomførbare tiltak settes inn for å begrense negativ utvikling i tilstanden for vannforekomsten,*
- *samfunnsnyttan av de nye inngrepene eller aktivitetene er større enn tapet av miljøkvalitet, og*
- *formålet med de nye inngrepene ikke med rimelighet kan oppnås kostnadseffektivt på andre miljømessig bedre måter.”*

Etter departementet sitt syn viser vurderingane av tiltaket i forhold til prinsippa i naturmangfaldlova at Kupekraft kraftverk har akseptable konsekvensar for vassmiljøet. Det er vidare fastsett pålegg om avbøtande tiltak for å redusere verknadane for biologisk mangfald. Formålet med tiltaket er å auke produksjonen av fornybar elektrisitet og bidra til verdiskaping. Departementet meiner at fordelan utbygginga medfører ikkje kunne vært oppnådd så kostnadseffektivt på andre måtar miljømessig sett. Departementet vurderer vilkåra i vassforskrifta § 12 som oppfylt.

Merknader til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova:

Post 1: Vasslepp

Følgjande data for vassføring og slukeevne er henta frå konsesjonssøknaden:

Middelvassføring	l/s	1200
Alminneleg lågvassføring	l/s	52
5-persentil sommar	l/s	464
5-persentil vinter	l/s	85
Største slukeevne	l/s	2100
Største slukeevne i % av middelvassføring	%	175
Minste driftsvassføring	l/s	200

Det er søkt om løyve til ei utbygging med største slukeevne på 2,1 m³/s, som svarar til 175 pst av middelvassføringa. Det er søkt om slepp av minstevassføring på 52 l/s heile året.

Ei maksimal slukeevne lik 175 pst av middelvassføringa er normalt. Av omsyn til friluftsliv og landskap fastset departementet at det skal sleppast ei minstevassføring på 464 l/s i perioden 1. mai - 30. september, og 85 l/s resten av året. Dette reduserer i følgje søknaden produksjonen med 4 GWh/år.

Det skal etablerast ei måleanordning for registrering av minstevassføring. Tekniske løysing for dokumentasjon av slepp av minstevassføring skal godkjennast av NVE gjennom

detaljplanen. Data skal leggjast fram for NVE på førespurnad og oppbevarast så lenge anlegget er i drift.

Dersom tilsiget er mindre enn kravet til minstevassføring, skal heile tilsiget sleppast forbi.

Ved alle stader med pålegg om minstevassføring skal det bli sett opp skilt med opplysningar om krav til vasslepp som er lett synleg for ålmennheita. NVE skal godkjenne merking, utforming og plassering av skilt.

Departementet presiserar at start-/stoppkjøring av kraftverket ikkje skal førekomme. Kraftverket skal kjørast jamt og i takt med tilsiget. Det gis ikkje løyve til regulering av Stegsvatn. Dette er primært av omsyn til friluftsliv og landskap.

Post 4: Godkjenning av planer, landskapsmessige forhold, tilsyn m.v.

Detaljerte planar skal føreleggast NVE sitt regionkontor i Førde og godkjennast av NVE før arbeidet settast i gang.

Før utarbeiding av tekniske planar for dam og vassveg kan settast i gang, må søknad om konsekvensklasse for gitt alternativ vere sendt NVE og vedtak fatta. Konsekvensklassa er bestemmende for sikkerhetskrava som stilles til planlegging, bygging og drift og må derfor være avklart før arbeidet med tekniske planar startar. NVE sitt miljøtilsyn vil ikkje ta planar for landskap og miljø til handsaming før anlegget har fått vedtak om konsekvensklasse.

NVE vil ikkje godkjenne planane før det er dokumentert at det er tilgjengeleg kapasitet i nettet og at kostnadsfordelinga er avklart, jamfør merknadane under avsnittet "Forholdet til energilova".

Departementet synar og til merknadane i vilkåras post 6 nedanfor, om kulturminne.

Tabellen nedanfor søker å oppsummere føringar og krav som ligg til grunn for konsesjonen. Det kan likevel førekomme at det er gitt føringar andre stadar i dokumentet som ikkje er med i tabellen. Departementet presiserar at alle føringar og krav som er nemnt i dokumentet gjeld.

Departementet har gitt konsesjon på følgjande føresetnader:

Inntak, vassveg og kraftstasjon	Inntak og vassveg som omtalt i vedtaket. Kraftstasjon som omsøkt. NVE kan gjere små/rimelege justeringar som del av detaljplangodkjenninga.
Største slukeevne	2100 l/s. Største slukeevne kan ikkje aukast under detaljplan.
Minste slukeevne	200 l/s.
Installert effekt	Inntil 7,5 MW.

Avbøtande tiltak	Vassveg i tunnel mellom Såtehaugen og inntak. Stegsvatn skal ikkje regulerast. Anleggsfasen skal tilpassast villrein.
Vegar	Inntak skal etablerast vegløst. Det kan etablerast midlertidig anleggsveg mellom kraftstasjon og tunnelpåhugg. Vegar skal elles byggjast i tråd med søknaden, men kan justerast i samband med detaljplan.

Det skal leggjast stor vekt på å tilpasse tiltaket til naturleg terreng og landskap. Dersom det ikkje er oppgjeve spesielle føringar i tabellen over kan mindre endringar godkjennast av NVE som del av detaljplangodkjenninga. Anlegg som ikkje er bygd i samsvar med konsesjon og/eller planer godkjent av NVE, slik som planlagt installert effekt og slukeevne, vil ikkje ha rett til el-sertifikat. Dersom det er endringar skal dette gå tydelig frem ved oversending av detaljplanane.

Post 5: Naturforvaltning

Pålegg i medhald av denne føresegna må vere knytt til skader av utbygginga, og kostnadene ved pålegget må stå i rimeleg forhold til tiltaket sine skadeverknader og til nytten av pålegget.

Post 6: Automatisk fredete kulturminner

Departementet føreset at utbyggjar tar den naudsynte kontakta med fylkeskommunen for å avklare forholdet til kulturminnelova § 9 før innsending av detaljplan. Vi minner vidare om den generelle plikta om aktsemd med krav om varslings av aktuelle instansar dersom det støytast på kulturminne i byggefasen, jf. kulturminnelova § 8.

Med helsing

Lars Christian Sæther (e.f.)
avdelingsdirektør

Per Harald Sønstelid
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikkje handskrive signaturar.

Vedlegg: Vilkårssett

Kopi:

Norges vassdrags- og energidirektorat
Sunnfjord Energi AS
Jølster kommune
Sogn- og Fjordane fylkeskommune

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Sogn og Fjordane Turlag
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre
Villreinnemda for Sogn og Fjordane
Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane

Vilkår etter vannressursloven § 8 for tillatelse til bygging og drift av Kupekraft kraftverk i Jølster kommune gitt av Olje- energidepartementet 20.03.2018.

1. Vannslipping

Det skal slippes en minstevannføring på 464 l/s i perioden 1. mai - 30. september, og 85 l/s resten av året. Dersom tilsiget er mindre enn kravet til minstevannføring skal hele tilsiget slippes forbi. Kraftverket skal i slike tilfeller ikke være i drift.

Kraftverket skal til enhver tid kjøres etter tilsiget, alle endringer skal skje gradvis, og typisk start-/stoppkjøring skal ikke forekomme.

Det skal etableres måleanordning for registrering av minstevannføring. Dataene skal forelegges NVE ved forespørsel.

2. Bortfall av konsesjon

Konsesjonen faller bort hvis ikke arbeidet er satt i gang senest fem år fra konsesjonens dato og fullføres innen ytterligere fem år jf. vannressursloven § 19 og vassdragsreguleringsloven § 12 nr. 1 tredje ledd. Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) kan forlenge fristen med inntil fem nye år. I fristene regnes ikke den tid som på grunn av særlige forhold (vis major), streik eller lockout har vært umulig å utnytte.

3. Konsesjonærs ansvar ved anlegg/drift m.v.

Konsesjonæren plikter å påse at han selv, hans kontraktører og andre som har med anleggsarbeidet og kraftverksdriften å gjøre, unngår ødeleggelse av naturforekomster, landskapsområder, fornminner m.v., når dette er ønskelig av vitenskapelige eller historiske grunner eller på grunn av områdenes naturskjønnhet eller egenart. Dersom slike ødeleggelser ikke kan unngås, skal rette myndigheter underrettes i god tid på forhånd.

4. Godkjenning av planer, landskapsmessige forhold, tilsyn m.v.

Konsesjonæren plikter å legge fram for NVE detaljerte planer med nødvendige opplysninger, beregninger og kostnadsoverslag for reguleringsanleggene. Arbeidet kan ikke settes i gang før planene er godkjent. Anleggene skal utføres solid, minst mulig skjemmende og skal til enhver tid holdes i full driftsmessig stand.

Godkjenning av planer og tilsyn med utførelse og senere vedlikehold og drift av anlegg og tiltak som omfattes av denne post er tillagt NVE. Utgiftene forbundet med dette dekkes av konsesjonæren.

Konsesjonæren plikter å planlegge, utføre og vedlikeholde hoved- og hjelpeanlegg slik at det økologiske og landskapsarkitektoniske resultat blir best mulig.

Kommunen skal ha anledning til å uttale seg om planene dersom det er avvik av betydning i forhold til det som fremgår av konsesjonssøknaden.

Konsesjonæren plikter å skaffe seg varig råderett over tipper og andre områder som trenges for å gjennomføre pålegg som blir gitt i forbindelse med denne post.

Konsesjonæren plikter å foreta en forsvarlig opprydding av anleggsområdene. Oppryddingen må være ferdig senest 2 år etter at vedkommende anlegg eller del av anlegg er satt i drift.

Hjelpeanlegg kan pålegges planlagt slik at de senere blir til varig nytte for allmennheten dersom det kan skje uten uforholdsmessig utgift eller ulempe for anlegget.

Ansvar for hjelpeanlegg kan ikke overdras til andre uten NVEs samtykke.

NVE kan gi pålegg om nærmere gjennomføring av plikter i henhold til denne posten.

5. Naturforvaltning

I

Konsesjonæren plikter etter nærmere bestemmelse av Miljødirektoratet

- a. å sørge for at forholdene i Årdalselva er slik at de stedege fiskestammene i størst mulig grad opprettholder naturlig reproduksjon og produksjon og at de naturlige livsbetingelsene for fisk og øvrige naturlig forekommende plante- og dyrepopulasjoner forringes minst mulig.
- b. å kompensere for skader på den naturlige rekruttering av fiskestammene ved tiltak,
- c. å sørge for at fiskens vandringsmuligheter i vassdraget opprettholdes og at overføringer utformes slik at tap av fisk reduseres,
- d. å sørge for at fiskemulighetene i størst mulig grad opprettholdes.

II

Konsesjonæren plikter etter nærmere bestemmelse av Miljødirektoratet å sørge for at forholdene for plante- og dyrelivet i området som direkte eller indirekte berøres av utbyggingen forringes minst mulig og om nødvendig utføre kompenserende tiltak.

III

Konsesjonæren plikter etter nærmere bestemmelse av Miljødirektoratet å sørge for at friluftslivets bruks- og opplevelsesverdier i området som berøres direkte eller indirekte av anleggsarbeid og evt. regulering tas vare på i størst mulig grad. Om nødvendig må det utføres kompenserende tiltak og tilretteleggingstiltak.

IV

Konsesjonæren plikter etter nærmere bestemmelse av Miljødirektoratet å bekoste naturvitenskapelige undersøkelser samt friluftslivsundersøkelser i de områdene som berøres av utbyggingen. Dette kan være arkiveringsundersøkelser. Konsesjonæren kan også tilpliktes å delta i fellesfinansiering av større undersøkelser som omfatter områdene som direkte eller indirekte berøres av utbyggingen.

V

Alle utgifter forbundet med kontroll og tilsyn med overholdelsen av ovenstående vilkår eller pålegg gitt med hjemmel i disse vilkår, dekkes av konsesjonæren.

6. *Automatisk fredete kulturminner*

Konsesjonæren plikter i god tid før anleggsstart å undersøke om tiltaket berører automatisk fredede kulturminner etter kulturminneloven § 9. Viser det seg at tiltaket kan være egnet til å skade, ødelegge, flytte, forandre, skjule eller på annen måte utilbørlig skjemme automatisk fredede kulturminner, plikter konsesjonæren å søke om dispensasjon fra den automatiske fredningen etter kulturminneloven § 8 første ledd, jf. §§ 3 og 4.

Viser det seg i anleggs- eller driftsfasen at tiltaket kan være egnet til å skade, ødelegge, flytte, forandre, skjule eller på annen måte utilbørlig skjemme automatisk fredete kulturminner som hittil ikke har vært kjent, skal melding om dette sendes fylkeskommunens kulturminneforvaltning med det samme og arbeidet stanses i den utstrekning tiltaket kan berøre kulturminnet, jf. kulturminneloven § 8 annet ledd, jf. §§ 3 og 4.

7. *Ferdsel m.v.*

Konsesjonæren plikter å erstatte utgifter til vedlikehold og istandsettelse av offentlige veger, bruer og kaier, hvis disse utgifter blir særlig øket ved anleggsarbeidet. I tvisttilfelle avgjøres spørsmålet om hvorvidt vilkårene for refusjonsplikten er til stede, samt erstatningens størrelse ved skjønn på konsesjonærens bekostning.

Konsesjonæren plikter i nødvendig utstrekning å legge om turiststier og klopper som er i jevnlig bruk og som vil bli neddemmet eller på annen måte ødelagt/utilgjengelige.

8. *Terskler m.v.*

I de deler av vassdragene hvor inngrepene medfører vesentlige endringer i vannføring eller vannstand, kan NVE pålegge konsesjonæren å bygge terskler, foreta biotopjusterende tiltak, elvekorreksjoner, opprenskinger m.v. for å redusere skadevirkninger.

Dersom inngrepene forårsaker erosjonsskader, fare for ras eller oversvømmelse, eller øker sannsynligheten for at slike skader vil inntreffe, kan NVE pålegge konsesjonæren å bekoste sikringsarbeider eller delta med en del av utgiftene forbundet med dette.

Arbeidene skal påbegynnes straks detaljene er fastlagt og må gjennomføres så snart som mulig.

Terskelpålegget vil bygge på en samlet plan som ivaretar både private og allmenne interesser i vassdraget. Utarbeidelse av pålegget samt tilsyn med utførelse og senere vedlikehold er tillagt NVE. Utgiftene forbundet med tilsynet dekkes av konsesjonæren.

9. Hydrologiske observasjoner, kart m.v.

Konsesjonæren skal etter nærmere bestemmelse av NVE utføre de hydrologiske observasjoner som er nødvendige for å ivareta det offentlige interesser og stille det innvunne materiale til disposisjon for det offentlige.

De tillatte reguleringsgrenser markeres ved faste og tydelige vannstandsmerker som det offentlige godkjenner.

Kopier av alle karter som konsesjonæren måtte la oppta i anledning av anleggene, skal sendes Statens kartverk med opplysning om hvordan målingene er utført.

10. Registrering av minstevannføring, krav om skilting og merking

Det skal etableres en måleanordning for registrering og dokumentasjon av minstevannføring, løsningen skal godkjennes av NVE. Data skal fremlegges NVE på forespørsel og oppbevares på en sikker måte i hele anleggets levetid.

Ved alle reguleringsmagasin og steder med pålegg om minstevannføring skal det settes opp skilt med opplysninger om manøvreringsbestemmelser og hvordan dette kan kontrolleres. NVE skal godkjenne skiltens utforming og plassering.

De partier av isen på vann og inntaksmagasiner som mister bæreevnen på grunn av reguleringene og overføringene må markeres på kart på opplysningsskilt og merkes og sikres.

For alle vassdrag skal det etableres og opprettholdes hensiktsmessige sikringstiltak av hensyn til allmennhetens normale bruk og ferdsel på og ved anleggene.

11. Etterundersøkelser

Konsesjonæren kan pålegges å utføre og bekoste etterundersøkelser av tiltakets virkninger for berørte interesser. Undersøkelsesrapportene med tilhørende materiale skal stilles til rådighet for det offentlige. NVE kan treffe nærmere bestemmelser om hvilke undersøkelser som skal foretas og hvem som skal utføre dem.

12. Luftovermetning

Konsesjonæren plikter i samråd med NVE å utforme anlegget slik at mulighetene for luftovermetning i magasiner, åpne vannveger og i avløp til elv, vann eller sjø blir minst mulig. Skulle det likevel vise seg ved anleggets senere drift at luftovermetning forekommer i skadelig omfang, kan konsesjonæren etter nærmere bestemmelse av NVE bli pålagt å bekoste

tiltak for å forhindre eller redusere problemene, herunder forsøk med hel eller delvis avstengning av anlegget for å lokalisere årsaken.

13. Varslingsplikt

Konsesjonæren plikter å varsle NVE om navne- og/eller adresseendringer. Ved eventuell overdragelse av anlegget skal NVE godkjenne overdragelsen i forkant.

14. Kontroll med overholdelsen av vilkårene

Konsesjonæren underkaster seg de bestemmelser som til enhver tid måtte bli truffet av Olje- og energidepartementet til kontroll med overholdelsen av de oppstilte vilkår. Utgiftene med kontrollen erstattes det offentlige av konsesjonæren etter nærmere regler som fastsettes av Olje- og energidepartementet.

For å sikre at vedtak i medhold av vannressursloven blir gjennomført, kan den ansvarlige pålegges tvangsmulkt til staten, jf. vannressursloven § 60. Pålegg om mulkt er tvangsgrunnlag for utlegg. Når et rettstridig forhold er konstatert kan det gis pålegg om retting og om nødvendig pålegges stans i pågående virksomhet, jf. vannressursloven § 59.

Overskrides konsesjon eller konsesjonsvilkårene eller pålegg fastsatt med hjemmel i vannressursloven kan det ilegges overtredelsesgebyr, eller straff med bøter eller fengsel inntil tre måneder, jf. vannressursloven §§ 60a og 63 første ledd bokstav c.